



Skjoldal trenge ikkje å søkja som eit prosjekt som dette på Øyro (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vestfoldingen Sigmund Skjoldal søkte om oppsettjing av terrasse framfor campingvogn og spikertelt på Øyro Marina. Men no har saksbehandlar Eva Sundal gjort han merksam på at terrasse/utegolv ikkje er søknadspliktig.

Det er her fritak for søknad etter plan- og bygningslova. Grunngevinga for det er at terrassen heng saman med bustad/vogn, at den har bebygd areal på 15 kvadratmeter og ikkje er over ein halv meter høg. Det skal vera 3 meter til næraste bygningsdel på naboeninga.

Men Sundal gjer merksam på at sjølv om eit tiltak er fritaken frå søknad, er tiltakshavar ansvarleg for at tiltaket blir utført i samsvar med krava som elles følgjer av lova